

Informasjonsskriv om nettskuletilbod vg1 helse- og oppvekstfag, skuleåret 2023-24



Nettskolen Vestland og Firda vidaregåande skule tilbyr skuleåret 2023-24 vg1 helse- og oppvekstfag.

Opplæringa vil hovudsakeleg vere nettbasert, men ein må også rekne med nokre fysiske samlingar.

Faste undervisningsdagar i sanntid på nett er

- Tysdagar kl.09.00-15.00 – undervisning i programfaga helsefremjande arbeid, kommunikasjon og samhandling og yrkesliv
- Torsdagar kl.09.00-15.00 – undervisning i fellesfaga naturfag, matematikk, norsk, samfunnskunnskap og engelsk
 - Alle som skal ha fagbrev som helsefagarbeidarar må ha fellesfag
 - Har du godkjent fellesfag frå før, treng du ikkje følgje undervisning denne dagen

Ein vil også leggje opp til asynkron undervisning kvar onsdag. Lærarane vil lage undervisningsopplegg som du må jobbe med på eiga hand, eller i lag med andre i gruppa. Det betyr ikkje at du må ha onsdag som fast dag, men det du skal gjere av asynkront arbeid, er tilsvarende skulearbeid for ein dag. Det kan vere opplegg i programfag og fellesfag. Denne dagen vil det også vere mogleg for rettleiing av lærar, både individuelt og i gruppe.

Om faget yrkesfagleg fordjuping

I tillegg til programfaga som er vist til over, må du også ha faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Har du relevant arbeidserfaring, kan du søkje om å få dette godkjent gjennom privatistordninga. Du må då dokumentere 210 timer praksis etter relevant læreplan (<https://www.udir.no/lk20/hea03-03>)

Faste dagar for gjennomføring av YFF og opplæring i bedrift for dei utan relevant praksis:

- Måndag og fredag

Når du har fått godskrive faget, kan du disse dagane vere i betalt arbeid.

Om fysiske samlingar og fagdagar

Det vil vere fem to-dagars samlingar i løpet av skuleåret. Den første samlinga vil vi ha i oppstarten. Dette for å bygge relasjonar og skape tryggleik og gode rammer for digital undervisning.

Det er ikkje bestemt kor dei fysiske samlingane skal vere. Her vil deltakarlista vere ein viktig preferanse.

På samlingane vil vi arrangere fagdagar. Som deltakar i vidaregåande opplæring skal du ha vurdering i fag. For å få til gode og trygge vurderingssituasjonar, vil mange av disse gå føre på samlingane. Vi vil også ha nokre digitale fagdagar. Kva fag som er i fokus disse dagane, vil vi kome tilbake til.

Med forbehold om mindre justeringar, er planen for fysiske samlingar og fagdagar som følgjer:

Veke	Dagar	Informasjon
35	Fysisk samling Torsdag 31.august – oppstart Fredag 01.september -	Torsdag: Start kl.10.00-kl.16.00 Fredag: kl.09.00-15.00
40	Torsdag eller fredag Digital fagdag – fellesfag	
49	Fysisk samling Torsdag - fagdag fellesfag Fredag – programfag	Torsdag: kl.10.00-16.00 Fredag: kl.09.00-15.00
50	Torsdag eller fredag Digital fagdag – fellesfag	
4	Fysisk samling Torsdag - fagdag fellesfag Fredag – programfag	Torsdag: kl.10.00-16.00 Fredag: kl.09.00-15.00
10	Fysisk samling Torsdag - fagdag fellesfag Fredag – programfag	Torsdag: kl.10.00-16.00 Fredag: kl.09.00-15.00
15	Torsdag eller fredag Digital fagdag – fellesfag	
18	Fysisk samling Torsdag - fagdag fellesfag Fredag – programfag	Torsdag: kl.10.00-16.00 Fredag: kl.09.00-15.00

Annan informasjon

Vg1 helse- og oppvekstfag kvalifiserer blant anna til vidare løp i vg2 helsearbeidarfag, og vg2 helseservicefag.

Etter vg2 helsearbeidarfag, kan du søkje lærlingstilling og etter kvart gå opp til fagprøve. Ved avslutta vg2 helseservicefag, kan du blant anna søkje vidare på vg3 tannhelsesekretær eller vg3 apotekteknikk.

Kven kan søkje?

- Vaksne frå året dei fyller 25
- Yngre kan også søkje og vil bli vurdert individuelt

Du bør:

- Vere motivert; stor porsjon eigeninnsats
- Like å jobbe med menneskjer i eit hektisk miljø
- Ha digitale ferdigheiter
- Ha ferdigheiter i norsk: skriftleg og munnleg

Du søkjer på <https://www.vigo.no/nyvigo/vigo/adult>

Ta gjerne kontakt med

Anette Aske Sollid, tlf. 415 30 633, epost adr. anette.aske.sollid@vlfk.no

(bortreist på ferie frå 23.juni til og med 10.juli)

Ingvild Forbord Fiksdal, tlf. 474 55 797, epost adr. ingvild.forbord.fiksdal@vlfk.no

(ferie frå 10.juli).